

Alversund Mållag
c/o Inger-Helen Midtgård
5915 Hjelmås

6.4.2014

Til
Lindås kommune
Kulturetaten
v/ Eileen Feste

Søknad om kulturmidlar 2014

Eg viser til e-post 3.4.14 om at tidlegare søknad ikkje er registrert, og søker derfor med dette om tildeling på vegner av Alversund Mållag, samla sum kr **6890**.

Søknaden er todelt.

- 1) Utdeling av nynorsk songbok til barnehagane og småskuleavdelingane i arbeidsområdet for laget, 10 stk av Odd Nordstoga: *Songbok for deg og meg* à kr 289,-, totalt kr 2890,-. Dette er planlagt gjennomført i mai/juni.
- 2) Kulturarrangement i Knarvik i høve grunnlovsjubileet 2014, med temaet "Språk, deltaking og demokrati". Målet er å setja Grunnlova frå 1814 inn i eit internasjonalt språkpolitisk perspektiv, m.a. gjennom å jamføra det som skjedde i dei 30 åra etter at Grunnlova vart vedteken, med tilsvarande røynsler med skriffesting av språk i andre samfunn og på andre kontinent. Det er planlagt å bruka krefter frå Universitetet i Bergen og lokale kulturelle krefter. Vi søker om kr. 4000 til førelesingshonorar. Tilskipinga er planlagt så tett opp til 4. november 2014 som mogeleg, dvs. 200-årsdagen for "novembergrunnlova".

Sjå vedlagd rekneskap for 2012 og 2013.

Kontonummeret for laget er 3632 44 47614.

Med helsing
for Alversund Mållag



Johan Myking
skrivar